



REFERAT Soknerådsmøte

4. nov kl. 16.30 – 18.00

Stad: Kyrkjestugu, Ål

Desse møtte:

Liv A Solberg	Leveld sokn	
Inger Elise Kaslegard	Leveld sokn	For Inger Haug
Frøydis Stoveland Dekko	Torpo sokn	
Kari Kristine Flatland	Torpo sokn	
Ingrid K. Hajem	Ål sokn	
Anne Kjersti Frøyen	Ål sokn	
Marianne Laa	Ål sokn	For Audun Vestenfor
Arild Øystese Hansen	Ål sokn	
Geir Wiknes	Sokneprest	

Sak 124/24

Referat og sakliste godkjent utan merknader.

Sak 125/24

Offerliste vår 2025

Offer til Deaf Aid blir lagt til gudstenesta på Torpo 6.4. 2025.

Godkjenner forslag til offerliste med denne endringa.

Sjå offerliste.

Fint om det blir informert i gudstenestene om mottakar av offeret, slik at det vert kjent for kyrkjelyden.

«Eit eksempel er korleis Søndagsskolen skriv det:

"Dagens offer går til Søndagsskolen Norge. Deira arbeid baserar seg på tilrettelegging for tru for barn og unge, og er eit landsomfattande virke. Søndagsskolen jobbar for at alle barn i Noreg skal få høyre bibelforteljingane og gjere seg kjend med Jesus. Ved å gi ei gåve no, bidrar du til at barn også i framtida skal få gå på søndagsskule. Takk for din gåve!"

Det vil vere hensiktismessig å opplyse om når kollekten går til medlemmar i SMM, Samarbeid menighet og misjon. Dei på vår liste for 1.halvår 2025 er Normisjon, Areopagos, Stefanusalliansen, NMS og Misjonsalliansen.

Sak 126/24 (Utset Sak 117/24)

Misjonsavtale. Samarbeid kyrkjelyd og misjon.

Hittil har me hatt avtale med misjonsprosjekt i NMS på Madagaskar knytt til stipend til fattige som ynskjer utdanning. Denne avtala var til 2024.

Soknerådet bør ta stilling til om avtalen skal forlengast eller om me skal fokus på andre formål.

Det er halde møte i misjonsrådet:

«De organisasjonene som hadde foreninger ble med i rådet. Tidligere var både Israelsmisjonen, Tibetmisjonen, o.a. med. Har gått fra ett år til tre års prosjektperiode. Bør være en fordeling mellom de organisasjonene som er aktive på Ål.

Hverken Himalpartner eller Misjonsalliansen har nå forening på Ål.»

Vedtak;

Det ingen organisasjon som er klare til å ta over for kommande 3-års-periode. Soknerådet går for å prolongere NMS-avtalen i 2025.

Vi ynskjer etter dette å finne eit nytt tre-årsprosjekt. Og at det blir ei rullering for dei organisasjonane som er representerte på Ål.

Sak 127a/24 ORGANISERING AV KYRKJELEGE RÅD I ÅL

Saksdokument:

1. Reglar om ordning for felles sokneråd med kommentarar
2. Mail frå stiftsdirektøren i Tunsberg bispedømme av 22. 10.2024
3. Kyrkjeordning for Den norske Kyrkja

Dokument 1 og 2 følgjer som vedlegg.

Saksopplysningar:

Dei tre sokneråda i Ål har nå i fleire periodar hatt eit felles råd både for Leveld, Torpo og Ål sokneråd. Det er to representantar frå Leveld, to frå Torpo og 4 representantar frå Ål i det felles rådet. Dette var fyrst ei prøveordning, men har vorte godkjent som ei fast ordning.

I 2019 vedtok Kyrkjemøtet rammer for ordning for felles sokneråd. Og denne ordninga vart då godkjent som ei permanent ordning. Her kjem det fram at fleire sokn kan ha felles sokneråd når desse ligg i same kommune. Det kan dreise seg om berre nokon sokn i kommunen eller alle sokna. I Ål er

alle sokna med i dette samarbeidet. Kwart sokn utgjør ein eiga valkrets og det felles soknerådet utgjør samla valstyre for det enkelte sokn.

I § 6 i reglar om ordning for felles sokneråd, står det at det felles rådet er sett saman av sokneprest og 2-4 representantar frå kvart sokn. Det står også i same paragraf at det er dei samarbeidande sokna som avgjer om sokna skal ha lik eller ulik representasjon. I Ål er det 4 frå Ål sokn og to frå kvar av dei to andre sokna. Dette er i tråd med det slik det kan vera utifrå ordninga.

Vidare står det i § 7 at det i kommunar med fleire sokn skal vera eit fellesråd. Dette gjeld også der det er felles sokneråd. I kommunar med felles sokneråd som omfattar alle sokna i kommunen, kan det felles soknerådet avgjera om kyrkjeleg fellesråd skal ha alle eller berre eit utval av medlemmane i felles sokneråd med i fellesrådet. I Ål har ein valt denne perioden å ha med alle i fellesrådet.

Utifrå Kyrkjeordning for Den norske Kyrkja så er soknepresten medlem av soknerådet. I følgje § 15 i Kyrkjeordninga så er fellesrådet samansett av 2 representantar frå kvart sokn og ein prost eller anna prest oppnemnt av biskopen. I tillegg kan kommunen velje ein representant til fellesrådet. Denne paragrafen kan sjå ut som ikkje samsvarar med representasjonen frå dei ulike sokna i Ål inn i fellesrådet. Når ein ser på § 6 i ordninga for felles sokneråd så står det tydeleg at det er dei samarbeidande sokna som avgjer om det skal vera lik eller ulik representasjon frå sokna og det er også rådet sjølv utifrå § 7 som avgjer om alle eller berre deler av felles sokneråd skal sitja i fellesrådet. Utifrå desse paragrafane tolkar kyrkjevevja at ordninga i Ål er innafør reglane i Den norske Kyrkja.

Kyrkerådet har i desember 2023 fastslege at i kommunar med berre eitt sokn så skal det ikkje vera eiga fellesråd, men sokneråd som også har fellesrådsfunksjonar. Dette får konsekvensar for blant anna val av leiar der rådet skal ha same leiar enten det opptretr som sokneråd eller råd med fellesrådsfunksjonar. I april 2024 sendte biskopen i Tunsberg ut eit skriv som påpeikte at dette også gjeld for kommunar med felles sokneråd, slik det er i Ål.

I Ål er det stilt ein del spørsmål om korleis dette skal fungere i praksis etter som Ål har fleire sokn, men felles sokneråd.

Stiftsdirektøren sendte derfor spørsmåla til Kyrkerådet. Ål kyrkjekontor har nå fått eit grundig svar på spørsmåla (jmf. saksdokument 2 som ligg vedlagt). Svaret inneber blant anna at Ål fortsatt kan ha både sokneråd og kyrkjeleg fellesråd der ein kan velje ulike leiarar til dei ulike råda. Dette tyder også at det er fire formelle einingar med tre sokn og eit fellesråd som alle er registrert i Brønnøysundregisteret med eiga organisasjonsnummer.

Når det gjeld den geistlege representanten i rådet, så sit soknepresten i soknerådet. Sidan det er fastslege at Ål i tillegg har eit fellesråd, skriv stiftsdirektøren at biskopen har bestemt at det er naturleg at prosten inntil vidare sit i fellesrådet med soknepresten som varamedlem.

Dette vil i praksis seia at organiseringa kan fortsetja slik den er i dag. Når det gjeld valet om ein skal ha same leiar i bae råda eller eiga leiar for kvart av dei, så er dette noko råda må drøfte og gjera vedtak om.

AU for både sokneråd og fellesråd hadde felles møte 25. oktober og drøfta saka. Det kom i møtet fram ulike måtar å løyse leiarverva på.

Økonomi:

Organiseringa har i seg sjølv ingen økonomiske konsekvensar. Dersom ein vel å fortsetja med soknerådsmøte og fellesrådsmøte på same kveld slik som nå, vil det vera ein liten gevinst i møtegodtgjering etter som særmerter er 350 kr og kombinasjonsmøter er 600 kr i følgje reglement for arbeidsvilkår for kyrkjeleg folkevalde.

Konsekvensar for barn og unge:

Saka har ingen konsekvens for barne- og ungdomsarbeidet.

Konsekvensar for miljøet:

Saka om organisering har ingen konsekvens for miljøet. Fellesmøte for sokneråd og fellesråd vil skape mindre bilkøyring enn ved særsmøte.

Drøfting:

Utifrå dokumentasjonen som nå er kome frå Kyrkjerådet og Bispekontoret så kan ordninga i Ål fortsetja slik som nå. Det som blir spørsmål når ny leiar skal veljast frå 1. januar 2025 (årlege val på leiar og nestleiar), er kva modell som skal brukast der. Det kom fram 3 ulike modellar på AU møte som sokneråd og fellesråd må ta stilling til.

1. Felles leiar og nestleiar for både råda

Fordelar: Enklare å forhalde seg til ein leiar eller to. Kan bli meir samhandling mellom råda.

Bakdelar: Kan bli veldig stor belastning på ein person som skal ha styring på både råda. Meir sårbart om leiar eller nestleiar skulle bli sjuk eller borte ei periode.

2. Ulik leiar og nestleiar i både råda

Fordelar: Mindre arbeidsbelastning. Arbeidet kan bli fordelt utover på 4 ulike personar. Fleire ulike personar i ulike fora som AU kan gje fleire innspel.

Bakdelar: Fleire folk må i aksjon på til dømes AU møter. Det kan bli mindre samhandling mellom sokneråd og fellesråd.

3. Leiar i sokneråd er nestleiar i fellesråd og nestleiar i sokneråd er leiar i fellesråd

Fordelar: Eit leiarteam på to som ikkje er så stort som ved modell 2 med ulike leiarar. Kan få god oversikt over både råda, men deler meir likt på arbeidsbelastninga enn ved fyrste modellen.

Bakdelar: Arbeidsbelastning større enn ved modell 2.

Råda kan tenke gjennom fordelar og bakdelar med ulike leiarmodellar og koma med innspela i møtet.

Framlegg til vedtak:

1. Ål fortsett med same organiseringa av felles sokneråd og fellesråd som før og med same representasjonen som før. Dette vil seia at heile soknerådet er medlem i fellesrådet. Sokneprest sit i soknerådet og prost i fellesrådet, Kommunal representant kjem inn når fellesrådet startar.
2. Alternativ 1: Sokneråd og fellesråd har same leiar og nestleiar eller
Alternativ 2: Sokneråd og fellesråd har ulik leiar og nestleiar eller
Alternativ 3: Råda har eit leiarteam der leiar i soknerådet er nestleiar i fellesrådet og nestleiar i soknerådet er leiar i fellesrådet.

Ordninga med korleis leiarvala skal vera gjeld frå ny(e) leiar(ar) blir valt frå 1. januar 2025.

Vedtak: Soknerådet går inn for punkt 1 og punkt 2 alternativ 3.

Sak 127b/24

Val av leiar og evt. nestleiar avhengig av val av modell.

Sak utsett.

Sak 128/24 Sak utsett til desember

Forslag til møteplan vår 2025

Sokneråd/Fellesråd

14. januar

18. februar

18. mars

29. april

3. juni

Arbeidsutvalg

2. januar kl. 14.00

4. februar. Kl. 14.00

4. mars kl. 14.00

8. april. kl. 14.00

20. mai kl. 14.00

Sak 129/24

Sekretærfunksjon til sokneråd

Det er eit ynskje om at sekretærfunksjon for sokneråd blir lagt til tilsett i administrasjon.

Dette vil innebære at vedkommande må delta på AU møte, skrive saksutgreiing, sende ut innkalling og skrive referat frå møta.

Konsekvens;

Fordel; Avlastning av oppgåver for leiar i sokneråd. Vil fremme betre samhandling mellom tilsett og råd. Vil også bidra til betre oppfølging av vedtak gjort av sokneråd.

Bakdel; dette vil binde opp ressursar for tilsett.

Vedtak;

Saka bes handsamast i fellesråd, som må ta stilling til om dei kan frigjere ressursar.

Sak 130/24

Ofringar i gudstenesta. Syner til sak 121/24 utsett frå førre møte om bakgrunn for vedtak.

Vedtak:

Soknerådet forstår at fleire frivillige synest det er krevjande å samle inn takkoffer i benkane når mange ikkje har med kontantar til kyrkja. Samstundes er det framleis nokon som ønskjer å gje pengar i gudstenesta til dagens formål. Vi vil framleis at alle skal få gje, men vil opne for å prøve å ha takkofferet på VIPPS under salmen før nattverd, og med kontantar ved utgangen. Når det er mogleg kan kyrkjeverten eventuelt stå med kollektposen ved utgangen for å vise at det er kyrkja som samlar inn gåva.

Ei formulering før takkoffer/under kunngjeringane kan vere:

"Dagen takkoffer går til [kyrkjelyden sitt barne- og ungdomsarbeid]. Du kan gje med VIPPS til [95789 Ål kyrkje] under salmen før nattverd, eller med kontantar ved utgangen. Så dekkjer vi altaret til nattverd. Lat oss bere fram gåvene våre med takksemd."

Det er ynskje om vipps-nummer synleg i alle kyrkjer, også i programmet for gudstenesta.

Sak 131/24**Ny prost blir innsett 19. januar i Ål kyrkje.**

Dette vert ei gudsteneste for heile prostiet.

Liv og Anne Kjersti meldte seg til komité. Dei vil utfordre nokre frå dei andre kyrkjekontora i dalen til felles komité.

Vi ynskjer å halde kyrkjekaffi på Evjens Minne. Liv tek kontakt med Normisjon.

Frøydis spør Kjetil Storebråten om å leie under kyrkjekaffien.

Sak 132/24

Soknerådet går inn for høyringsuttalen som sokneprest Geir Wiknes og Øystein Lappegard har formulert om endringar i Eiker prosti.

AU og sokneprest gis fullmakt frå soknerådet til å gå gjennom og formulere høyringssvar i andre aktuelle høyringar.

Orienteringssaker;

-Soknerådet v/Ingrid sender ut invitasjon til felles samling for sokneråd og staben ved kyrkjekontoret planlagt 15. eller 22. januar kl. 17.00 (det blir enkel, varm mat og kake/kaffi). Anne Kjersti foreslår å utsetje dette møtet til i februar fordi det skjer mykje i januar.

-Gina vert innsett som kyrkjelydspedagog den 24.11. Enkel kyrkjekaffi etter gudstenesta i kyrkja. Anne Kjersti er med ved gudstenesta og kyrkjekaffien.

- Henvendelse frå Sigurd Dale om å framføre kyrkjeårets tekster saman med prest i kyrkjestugu. Liv Solberg tek kontakt med Sigurd Dale og Giljebrekke.

- Soknerådet vil arrangere fest for konfirantar 4. mai 2024.

- Vemund Aukrust takkar ja til invitasjon frå soknerådet og møter i 3. des.

-Juletrefest 5. januar med Normisjon. Frøydis har meldt seg til denne kvelden.

Desse vedlegga vart lagt fram i møtet:

1. Skisse til gudstenesteplan 2025
2. Høyring – Endringar i Eiker prosti (to vedlegg)
3. Referat AU
4. Referat Gudsteneseutval
5. Referat diakoniutval
6. Offerliste vår 2025

Ref. Ingrid K. Hajem